

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur – Nr. 2 Juni 2011 – 14. årgang



Norsk
Seterkultur

Neste blad

kjem i oktober, med frist for stoff - tekst, foto, annonsar - 20. september.

www.seterkultur.no

er nettstaden for den som har stølsopplevingar og stølsprodukt å selje - og for den som anten søker seterjobb eller har arbeid å tilby.

Stølskonferanse 2011

går av stabelen i Valdres 30.9.-1.10 på Fagernes hotell. Detaljert program og opplegg blir gjort kjent på www.seterkultur.no og på side 11 i dette bladet.

Styret:

Katharina Sparstad, leiar
Tlf. 990 09 584
katharina.sparstad@valdres.no
2975 Vang i Valdres

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal, tlf. 53 66 84 80, faks 53 66 82 55
odar-esp@online.no

Bjørn Karsten Ulberg
358 Nedre Eggedal
bkulberg@broadpark.no

Marit Skjelstad
marit.skjelstad@tine.no
(Repr. landbrukssamvirket)

Varamedlemmer
Nanfrid Røysland
3656 Atrå, tlf 90 75 11 16
sigmund@selstali.com

Mari Søbstad Amundsen
tlf. 920 59 571
Lille Bislett 8, 0170 Oslo
marisobstad@gmail.com

Jorunn Hagen
911 81 348
Kråbølstuguvegen 22
2635 Tretten

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Organisasjonsnr. 879270642
Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.

Framsidedfoto: frå buføring til Stavali på Hardangervidda. Foto: Odd Arne Espeland.

En liten hilsen fra ny leder i Norsk seterkultur

Dere ble kanskje like overasket som jeg da jeg kort tid før årsmøtet dukket opp som kandidat for ledervet for Norsk seterkultur. Et ærefult oppdrag. Som lidenskapelig seterbruker og tidligere budeie både i Vågå og Aurland, har jeg fulgt med på organisasjonen helt siden oppstart. Jeg har også flere ganger forsøkt å bli medlem i Norsk seterkultur – uten å lykkes. Jeg var sikkert ikke pågående nok, men kanskje også et signal på at organisasjonen sikkert har et uutnyttet potensial i medlemsverving. Her det nok plass til mange flere.



Stølen jeg driver ligger i Vang i Valdres. Det er min bror og hans kone som eier Sparstadstølen i Sandalen. Der ligger den sammen med fem andre støler. Før jeg overtok drifta hadde stølen vært ute av drift i 30 år. Alt sto slik den forrige budeia, min fars tante Olga, forlot det i 1966. Stølen hadde verken innlagt vann, strøm eller vei. 7 kilometer ble for langt å transportere melk med hest ned til bilvei. Etter den tid var Olga sitt høyeste ønske å oppleve en sommer til i Sandalen. Det fikk hun dessverre aldri, men hennes sterke lidenskap for stølsdrift har hun nok overført til meg. Jeg fikk selv være med henne på stølen om somrene, og høre alle historiene om bukken som stakk til fjels da den skulle slaktes, geitene som sto fast på berghylla eller kua som gråt siste dagen på stølen. Tre år etter hennes bortgang starta jeg opp igjen drifta med innleide kyr.

Den nære kontakten mellom mennesket, dyr og natur er enestående. Det er ikke mange av dagens driftsformer som tillater husdyr får gå helt fritt. På stølen høster dyra fjellets rike ressurser og omdanner dette til mat med høy kvalitet. I Valdres har vi fulgt nøye med på forskningen til Bioforsk Øst, på Løken i Øystre Slidre. De er nå i ferd med å avslutte en omfattende undersøkelse om fjellbeiting og matkvalitet. Resultatene sier omtrent det samme som budeiene har sagt i alle år, smøret ER ekstra godt, og rømmen, den er en gourmetbombe jeg unner alle å oppleve.

Jeg er utdannet agronom og naturforvalter med tilleggutdanning på kulturminner og forvaltning. De siste fire årene har jeg jobbet med Valdres Natur- og Kulturpark med et pilotprosjekt under Riksantikvaren, Verdskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Med hovedvekt på stølsdrift. I dag jobber jeg som kultur/kulturminnekonsulent i Valdres Natur- og Kulturpark.

Jeg ser fram til å gå inn i vervet i Norsk seterkultur. Det er mange oppgaver å ta tak i, og vi får sikkert ikke gjort alt vi skulle ønske. Men vi har et godt talerør for en særdeles viktig driftsform, både nasjonalt og internasjonalt. Norsk seterkultur er en del av en større "bevegelse". Om vi ikke alltid holder samme takt, går vi i alle fall i samme retning.

Katharina Sparstad

Medlemsverving og profilering av Norsk seterkultur

Styret ønsker å prioritere medlemsvervinga. Fleire medlemar gir Norsk seterkultur større tyngde i arbeidet for seterdrifta og seterkulturen.

Det blir utarbeidd enkelt vervemateriell og ein vil m.a. nytte bladet Seterbrukaren i dette arbeidet. Derfor tilbyr NSK materiell og utgaver av Seterbrukaren til enkeltpersonar og lokale seterlag som vil slå eit slag for organisasjonen på dei mange arrangement utover sommaren.

Derfor: ta kontakt – og få tilsendt materiell som kan delast ut/presenterast på messer, seterstemne og andre seterarrangement – gjerne via e-post: seter@seterkultur.no. Ta også gjerne kontakt med styremedlemmane om dei kan hjelpe til med noko i slike høve.

Årsmøtet i NSK på Røros 8. mai valde Katharina Sparstad frå Vang i Valdres til ny leiar. Med seg i styret har ho Siv Beate Eggen, Snåsa, Odd Arne Espeland, Jondal, Bjørn Karsten Ulberg, Nedre Eggedal og Marit Skjelstad (frå Tine). Vara i rekkjefølgje: Nanfrid Røysland, Tinn, Mari Søbstad Amundsen, Oslo og Jorunn Hagen, Tretten. Attval på Rolf Tore Bråstad og Steinar Forrestad som revisorer. 10. juni var eit fulltalig styre samla i Oslo til det første styremøtet, og la konkrete planer i samsvar med den vedtekne arbeidsplanen for 2011-2012. Svein Løken, kasserar og Jostein Sande, blad- og heimesideansvarleg var også til stades på styremøtet.

Årsplan vedtatt av årsmøtet 2011

Bladet Seterbrukeren og hjemmesiden www.seterkultur.no er våre viktigste organer for kommunikasjon med medlemmene. Det er viktig å opprettholde disse kanalene, og samtidig utvikle dem i takt med medlemmenes ønsker og behov.

NSK-årsmøte på Røros



Styret i Norsk seterkultur: F.v. Marit Skjelstad, Bjørn Karsten Ulberg, Katharina Sparstad, Odd Arne Espeland og Siv Beate Eggen.

Framhald på side 10

Norsk seterkultur:

Innspel til ny stortingsmelding om landbruket

Status for seterdrifta:

Det er i dag om lag 1300 aktive setre i drift. Disse kan i hovedsak deles i 3 kategorier:

1. Fellessetre
2. Enkeltsetre med melkelevering
3. Enkeltsetre med foredling.

Regionaliseringen av miljøprogrammet gav et løft for seterdrifta i enkelte fylker som opplevde vekst i antallet som en følge av en regional prioritering av setertilskuddet. Det er i hovedsak mindre bruk som driver enkeltsetre, dvs. under 15 melkekyr og 70 geiter.

Det er et stort innslag av bevaringsverdige storferaser blant seterbrukerne.

Verdigrunnlag:

Seterdrifta er glansbilledet til norsk landbruk og bidrar sterkt til å holde en høg folkelig støtte til overføringer til landbruket generelt. Seterdrifta er kulturbæreren som er i stand til å fremstå bærekraftig også i et moderne landbruk.

Først og fremst er seterdrifta verdifull i form av å produsere mat (melk og kjøtt) basert på utmarksressurser, som er lokale fornybare ressurser.

I tillegg opprettholder seterdrifta et verdifullt kulturlandskap.

Det økende antallet gardsystemer produserer i dag hovedsakelig etter en europeisk ystetradisjon mens seterbrukeren for det meste

viderefører en norsk foredlingstradisjon.

Sist men ikke minst er seterdrifta i økende grad et grunnlag for verdiskaping knyttet til reiseliv og grønn omsorg.

Utfordringer:

Seterbrukeren tilhører den typen driftsstørrelse som er hardest rammet som en følge av strukturendringen i norsk landbruk. Setra representerer fjøs no. 2 på gården. Behovet for en rasjonell drift m.h.t. bygninger og tekniske innretninger gjør denne driftstypen ekstra utsatt økonomisk.

Setra ligger som oftest i svært værharde omgivelser i høyfjellet med begrenset mulighet for tilsyn store deler av vinterhalvåret. Vedlikeholdsbehovet er derfor stort.

Tiltak:

1. Vi anbefaler at man bygger på de virkemidler man i dag vet virker, nemlig regionaliseringen av miljøprogrammet. Vi ser et behov for å styrke ordningen med økte bevilgninger men også med en klarere føring for hvordan midlene skal brukes. Er man klar nok med de sentrale politiske føringer mener vi det også er på sin plass at miljøverndepartementet også kan delta med en tilføring av midler.

2. Investeringsbehovet er stort når det gjelder utbedringer og bygningsmasse på setrene, forenkling av arbeidet og ikke minst oppgradering av foredlingsanlegg. Noen av

disse investeringer kan dekkes av VSP-mat bevilgninger. Vi ber likevel om at det etableres en egen investeringsordning i samarbeide med Miljøverndepartementet som går til å vedlikeholde og modernisere bygningsmassen på aktive seter. Bygningsmassen er til dels av kulturell verdi, men først og fremst er behovet til et investeringsprogram begrunnet i at driftstypen fremmer et verdifullt kulturlandskap og norsk matkultur, men også målet om en næringsutvikling knyttet til de mange nasjonalparkene vil kreve et slikt program.

3. Utmarksbeiting skaper verdier som grunnlag for produksjon av melk og kjøtt. Dette er den viktigste for selvforsyning av mat i Norge. Det er også det beste alternativet til det store importen av kraftfor til Norge. Denne importen er både et dilemma miljømessig men mest kritikkverdig i lys av at over en milliard mennesker på jorden sulter eller er underernærte, men har ikke kjøpekraft som gjør at de kan konkurrere med Norge om disse matressursene. Kraftfor-importen representerer også et sosialt og etisk problem siden den medfører at å øke antallet jordløse i produksjonslandene. Å satse på norske utmarksbeite som et alternativ vil ha stor støtte fra miljøbevegelsen og reiselivsnæringen.

Styret i Norsk Seterkultur



Foto frå Stavali på Hardangervidda.

Mi finaste tid på stølen



Det er mange ting som forundrar meg, ein av dei er at normenn skal til fjells sist på sommaren for då er det så vakkert i fjellet med alle haustfargane. Visst er det fint ein klår haustdag, men alt er på retur då, haustfargane er då daue.fargar, plantene visnar og førebur seg på ein ny vinter. Har ikkje nordmenn oppdaga våren i fjellet? Våren og den fyrste tida er i allefall mi tid på Stølen! Å koma til støls i den aller lysaste årstida då alt er vakna til liv, med buldrande bekkar og elvar. Fuglane har det travelt, sume har alt fått "småfolk" og har det travelt med å skaffa ma. Kuruene frå i fjor er endevendt i forsøk på finna makk, andre fuglar ligg på reiret enno. Rypemor ligg på reiret på same plass i år som i fjor og rypefar passer på, best å gå ein god omveg så dei ikkje blir skremt.



Og alle blomane då, den gule fjellfiolen— fjellnøkleblom som er min blom framfor nokon. I gamal tid kalte dei i Østerdalen fjellnøkleblomen for "Jesus Kristus øyenstein". Med det var det å forstå at når den blømde i fjellet var dyra framføra etter vinteren og det var tid for seterflytting.

Her er og tuer av raudsildre og fjellsmelle, etter berg og skarv blømer reinrosa. Ved fjøsveggen er det ei fin kvit tue med fjellarve og på torvtaket lyser forgløymegei. Mogoppen er avblomstra, der er der berre att ein grå tust, den er vel den tidlegast som blømer i fjellet. Eg er heldig som får oppleva dette år etter år og har lyst å dela det med mange, ikkje berre mine nærmaste, men mange fleire. Så her har turistforeninga noko å gjera, få folk til å oppdaga våren i fjellet!

Heime kom våren brått og varm i påskehelga etter ein streng vinter med mykje snø og kulde.

Overvintringsskadene på enga er stor, 75% er skadd her på garden, så det vert mykje ekstra-arbeid. Lamminga har gått fint, men altfor mange trillingar og firlingar - vel mykje av det gode, men det vert no kopplam å ta med på stølen. Når me snakkar om støl og støling er det ku og geit me tenkjer på, sauven vert lite nemnd, sjølv om det er den som er vanlegast på stølane i dag. Den beiter stølsvollen ned kvart år slik at den lyser grøn og fin neste vår. Når mjølkydyra kjem til støls går sauven lenger bort i beitet. Du ser den oppe i liene. Sauven er vervarslaren på stølen, trekkjer den opp om kvelden vert det fint ver neste dag, kjem den lenger ned reknar me med regn. Og så er det så triveleg når sauven kjem på stølen ein og annan gongen for å få salt og litt anna godt. Sjå på lamma om du kjenner dei at, og slik som dei har vakse sidan sist. Sauven høyrer til på stølen og i fjellet, reint for gale at så mange sluttar med sau!



Trivelige dagar på stølen dei dagane du er der for å gjera alt klart til å ta mot kyrne. Mykje arbeid, reparasjon på hus og gjerde og så gjeld det å få veden i hus. Alt som har vore lagra for vinteren skal på plass, mjølkemaskina kontrollerast så ein er sikker på at den virka. Ikkje å forgløyma aggregatet, like spenande kvar vår om det startar - og det gjer det som regel. Etter å ha skifta olje og fylt på drivstoff er det berre å trekkje i snora, starter ved fyrste forsøk eller andre, har så lett for å gløyma kor stillinga på av og på og "chjåk"-knappane skal vera. Fjøsset er gjort klart, band og kraftforkoppar er i orden og på plass. Mjølkerometet vaska, alle koppar og kar vaska og på plass, separatoren montert. Inne er det og storreingjering, der deltek eg ikkje så mykje, andre ordner opp der. Men eg må ta min tøm med glasvasken på utsida, noko godt herk og puter med småruta glas. Så er det berre den verste forferdelige jobben att, som eg kvir meg til frå gong til gong. Tøming av utedoen, iført regnkledde og hanskar går eg i gang. Ser verken blommar eller høyrer fuglesong, full konsentrasjon! Etter ferdig jobb er det spyling og vasking, og et med kniv og gaffel resten av den dagen. No er alt klart, det er berre å ta på heimveg for å henta kyrne og å håpa på ein fin sommar i fjellet.

Ynskjer alle som les bladet ein god sommar og velkomne til støls!

Odd Arne Espeland

Seminar om landbruk i fjellbygdene

*Fjellbygdene
produserer
landbruksprodukt
av unik kvalitet*



Samarbeid mellom styresmakter, forskning og næring vil bety mykje for fjellbygdene i tida som kjem. Og Bioforsk Aust Løken vil vera ei viktig brikke i dette samspelet.

Av Ragnar Eltun

Det meiner både departementsråd Olav Ulleren i Landbruks- og matdepartementet og fylkesmann Kristin Hille Valla. I samband med at avdelingsleiar Håkon Johs. Skarstad blir pensjonist var det skipa til seminar på Bioforsk Aust Løken den 19. januar med tema: Landbruk i fjellbygdene.

Stortingsmeldinga

Ulleren sa at han ikkje kunne røpe for mykje i høve til den nye stortingsmeldinga om mat og landbruk, men at det ikkje er tvil om at fjellbygdene spelar ei viktig rolle.

- Fjellbygdene produserer landbruksprodukt av unik kvalitet. Vi må ha ein landbrukspolitikk som legg til rette for regionale fortrinn. Og det er vel inga stor lekkasje om eg seier



Håkon Johs. Skarstad.

at kunnskap, det vil seie gamal, god tradisjonskunnskap i kombinasjon med forskning og ny kunnskap vil vera heilt avgjerande. Kompetansebehovet vil gjera forskinga si rolle enda meir tydeleg, sa Ulleren.

Dokumentasjon

Han snakka om «terroir», som står for spesiell kvalitet på varer frå bestemte distrikt, basert på produksjonsmåte og kultur.

- Ein kan ikkje berre påstå noko om ei vare, ein må dokumentere det. Er det sant at ein ikkje kan dyrke mandelpotet på Jæren? Er det rett at stølsmjolk har spesiell kvalitet? Korleis blir kvalitet påverka av ulike tilhøve som klima, topografi og lysforhold? Her treng vi forskning som kan bidra med dokumentasjon, sa Ulleren, og nemnde både Kviteseidsmør og Lofotlam som eksempel.

Mulegheiter

Ulleren slo fast at Bioforsk og Løken har mange mulegheiter.

- Skal vi nå ambisjonane om bruk og vern, biologisk mangfald, lokal forvaltning og natur- og kulturbasert verdiskaping, så treng vi eit samarbeid og eit samspel mellom styresmaktene, næringsliv og forskning. I denne samanhengen er Bioforsk Løken ei viktig brikke. De er nemnd i stortingsmelding nr. 25, så de har faktisk fått brev frå kongen før. Og til slutt vil eg seie at om all mat skulle produserast på Jæren ville vi ikkje nå målet om nasjonal sjølvforsyningsgrad. Vi er heilt avhengige av den forskinga som de driv, dersom vi skal greie å gjennomføre landbrukspolitikken, sa Olav Ulleren.

No gjeld det bruk og vern

- Verneperioden er over. No må vi konkretisere kva bruk og verdiskaping i verneområde betyr i praksis, sa fylkesmann Kristin

Hille Valla. - Fylkesmannen i Oppland sette i gang eit treårig prosjekt om bruk og vern i 2009. Gjennom prosjektet ynskjer vi å fylgje opp nasjonale signal om auka verdiskaping knytt til verneområde. Vi vil skape gode og konkrete eksempel som andre verneområde kan ha nytte av. Vi vil fylgje opp nasjonale signal om målstyrt forvaltning og vi vil skape samarbeid og bygge nettverk med andre aktørar. Bioforsk er ein viktig samarbeidspartnar i denne prosessen.

Hille Valla nemnde utviding av Ormtjernkampen nasjonalpark som eksempel. Det som er spesielt er at det er knytt sterke landbruksinteresser til denne parken, meir enn til dei fleste andre parkar, sa Hille Valla.

Fylkesmannen i Oppland har òg teke initiativ til oppretting av eit regionalt kompetansenettverk på bruk-vern. Det skal ha representantar frå landbruksorganisasjonane, offentleg forvaltning og verkemiddelaktørar, samt kompetansmiljø. Vår oppgåve er å utforme ein politikk for bruk og vern som kan få aksept, sjølv om eg ikkje reknar med trampeklapp, sa Kristin Hille Valla.

Ny kompetanse på bruk og vern

For å følgje opp satsinga på bruk i verna område har Løken tilsett ein islandsk forskar, Anna Gudrun Thorhallsdottir, som har professorkompetanse innan utmarksressursar og har bygd opp studiet i naturbruk ved Universitetet i Island. I sitt foredrag om beiting og beiteforskning la ho særleg vekt på den store variasjonen mellom dyr for beitepreferansar, og at dette er knytt til læring innan sauefamiliane. Søyelam relasjonar har betydning både for kvar og kva dyra beiter. Den store variasjonen gjer at det er vanskeleg å overføre resultat frå eit land til eit anna og mellom ulike regionar her i landet. Kunnskapen må for ein stor del utviklast for kvart område.

Landbruk og reiseliv

Knut Arne Gurigard frå Regionrådet i Hallingdal drøfta betydninga av landbruk og kulturlandskap i fjellbygdene for reiselivet. Han understreka avhengigheita mellom landbruk og reiseliv og etterlyste gode møteplassar mellom næringane. Vi må få auka forståing mellom begge grupper om kva nytte dei kan ha av kvarandre. Tal aktive bønder med tradisjonell landbruksdrift går ned, og han stilte spørsmål ved om noko av nedgangen kan kompenseras ved at vi får fleire "utmarksbønder". Fisketurisme er eit godt døme på potensialet som ligg her. Det er eit sug i marknaden etter den gode forteljaren som kan formidle historia i landskapet.

Levande stølar er det be



Det har vært mange større og mindre prosjekter som har tatt for seg seterdrifta de siste 10-15 åra.

Ett av disse er prosjektet "Levande stølar". Prosjektet fokuserte på ei rekke konkrete tema og var samtidig medvirkende til at seterdrifta i vid forstand på nytt kom i søkelyset. Mye interessant ble belyst, og det er vel verdt å kikke tilbake i sluttrapporten. Derfor presenterer vi her en del av sammendraget fra sluttrapporten.

Prosjektet "Levande stølar" starta 1. januar 1998 og ble avslutta i juni 2002. Prosjektet var støttet økonomisk av en rekke institusjoner og organisasjoner:

Fjellstyrene i Oppland, Statsskog, A/L Østlandsmeieriet, FMLA i Buskerud og Oppland, Valdresregionen, Ål kommune, Hemsedal kommune, Hol kommune, Norges Vel, SND og Norges Forskningsråd. Hovedmålsettingen var å utrede om eksten-

siverte driftsmodeller for mjølkeproduksjon på ku, der utmark og stølsdrift var en vesentlig del av ressursgrunnlaget, kunne være et framtidig satsingsalternativ i områder med slike ressurser. Gjennom dette ville man også bidra til å skjønne unike kulturlandskap som er i ferd med å gro igjen. Prosjektet ble delt i 3 delprosjekter. Hovedsatsinga ble på området stølsdrift- agronomi og kulturlandskap, men næringsutvikling fikk også stor plass gjennom prosjektperioden.

Prosjektet ble i løpet av disse 4 årene utvidet på flere områder, spesielt innenfor kulturlandskap.

I tillegg til ansatte i Norges Vel, var det samarbeid med flere forskningsinstitusjoner som utførte oppgaver for prosjektet.

Mye av prosjektarbeidet var knytta til og omkring de 15 gardsbruka i Valdres og Hallingdal som ble prioritert blant 35 interesserte brukere. Gjennom næringsutviklingsdelen knyttet prosjektet i tillegg kontakter - og

samarbeidet med en rekke gardsbruk, lokale reiselivsbedrifter og Destinasjonsselskap.

I utviklingsarbeidet i agronomi-delen av prosjektet ble personlig veiledning og nettverksbygging mellom deltagerne prioritert, bl.a gjennom to årlige fellessamlinger, for erfaringsutveksling og gjensidig orientering om resultater som er oppnådd.

Driftsmodeller for mjølkeproduksjon

De 15 prosjektbruka i Levande stølar endra driftsopplegget betydelig i løpet av disse fire årene, i en ekstenstivert retning. En sterk reduksjon av kraftforforbruket ble kompensert med et betydelig større grovforopptak, spesielt av beitegras. Produksjonen ble stort sett opprettholdt, men det var en tendens til noe lavere avdråttsnivå og litt lavere proteinprosent, enn før prosjektet startet. Endring i foringsregimet ga ikke nevneverdige negative utslag verken for kroppsvekt på dyra eller produksjonssykdommer.

Valg av kalvingstid viste seg å være svært

este vern



viktig, både av hensyn til avdråttensnivå og kraftforforbruk. Tar man bare hensyn til avdrått, mjølkepris, kraftforkostnad og variable grovforkostnader kom en fram til at kalving rundt årsskiftet og like etter årsskiftet ga best økonomi. Dette kalvingstidspunktet vil også komme gunstig ut i en totalvurdering der det også er nødvendig å inkludere faktorer som arbeidstopper, kalvestell, samt gjennomføring og kontroll med inseminasjon. Utmarksbeiter er generelt protein-fattige, spesielt i siste del av sommeren. Analysetalla var svært lave, og det er grunn til å tro at dette hadde avdråttmessige konsekvenser. Det ble gjennomført forsøk både med proteinrike kraftforblandinger og med ulike gjødslingsmengder. Forsøkskraftforet ga god respons på bruk med lave urea-verdier. Bruka som deltok i prosjektet var forpliktet til å delta i TINE sin effektivitetskontroll, som er en driftsgreinsanalyse av økonomien i produksjonen.

Resultatene etter 4 år i prosjektet viste betydelig økonomisk framgang på de fleste bruk som deltok, og i sum en auke i inntektene målt som "totalt dekningsbidrag med tilskudd" på kr 70 000,-. Dette var kr 50 000 høyere enn kontrollgruppa.

Kulturlandskap

Datamaterialet som ble innsamlet i prosjekt Levande stølar og kulturlandskap er stort. Det er så langt presentert i rapporter, foredrag, kurs, radioprogram, fagartikler og vitenskapelige artikler. Materialet har blitt brukt til tverrfaglig bearbeiding av data som ble innsamlet i ulike delprosjekt i Levande stølar, og en fikk belyst sammenhengen mellom økonomi og økologi. Det kan slås fast at prosjekt Levande stølar og det supplerende prosjektet Levande stølar og kulturlandskap ikke bare har viste at stølsdrift kan være

lønnsomt også i dagens landbruk, men at den i tillegg opprettholder gamle kulturmarker med stort biologisk mangfold. En forutsetning for dette er imidlertid at stølsdrifta ikke intensiveres altfor mye, men at man fortsetter utnyttelsen av ugjødsla utmarksbeiter.

Billig og bærekraftig planteproduksjon

Det ble utført en rekke forsøk med tanke på å løse noen av de utfordringene som stølsdrifta spesielt står overfor vedrørende bruksregimet av innmarksarealene på fjellet, bidrag til bedring av proteinunderskuddet vi finner på utmarksbeitene, samt generelt få høyere kunnskap om kvalitetsutvikling av beiteplantene i utmark gjennom sommerseongen. Det har også vært en viktig del av dette arbeidet å vurdere i hvilken grad ulike inngrep påvirker arealenes botaniske sammensetning, og dermed kulturlandskapet.

Næringsutvikling

Arbeidet med næringsutviklingsdelen medførte produktutvikling både innenfor stølsdrift/reiseliv og utvikling av lokale produkter. Konkrete prosjekter har vist gode økonomiske muligheter innenfor dette området, men også avdekket betydelige utfordringer som må løses før dette kan bety mye for mange. Felles problemløsning og samarbeid på tvers av reiseliv og landbruk er kanskje det mest verdifulle resultatet av arbeidet. Flere av de konkrete initiativene som ble tatt som resultat av prosjekt Levande stølar har blitt videreført, og utviklet etter prosjektperioden, og nye tiltak kommer i stand som følge av de muligheter som ble synliggjort i åra prosjektarbeidet pågikk. Det ble skapt et miljø for en satsing innenfor disse områdene, med røtter som har muligheter til å gro videre om rammebetingelsene tillater dette.

Romsdalssetra i Einunndalen nominert til nasjonal kulturlandskapspris 2011

Fylkesmannen i Hedmark har gjort sin nominering av fylkets kandidater inn til den nasjonale kåringen av den Norsk Kulturarvs gjeve kulturlandskapspris for 2011. Fylket har landet på to solide kandidater fra Nord-Østerdal, og foruten Stein Sorknes fra Lian gård på Fåset i Tynset, har også Seterlandets medlem Romsdalssetra blitt løftet inn til den nasjonale finalen. Mer om dette kan du lese på sidene til Fylkesmannen i Hedmark.



Budeiene på Romsdalssetra, Gun Kjøhaug og Hilde Tuvan, er stolte over å ha blitt løftet fram som kandidat til den nasjonale kulturlandskapsprisen for 2011. Foto: www.seterlandet.com

Studieplan for kurs i håndtverksmessig foredling av mjølk

Utarbeidet av landbruksøkonom Marianne Westby i samarbeid med Barbro Stordalen, i prosjekt kompetanseutviklingsprogram for Norsk Gardsost, yster og gårdbruker i Tinn Austbygd.

Målgruppe: Folk som vil lære om seterdrift, inkludert foredling av mjølk.

Målsetning: At deltakerne etter kurset skal kunne mer om hvordan man planlegger og gjennomfører setring.

Innhold:

Formidling av seterhistorie med håndtverksmessig foredling av mjølk. I gammel og nyere tid.

Lage brunost og blautprim, med håndbåren kunnskap. Dette betyr å lære gjennom deltakelse. Deltakerne lærer å koke og røre, kjenne, smake, passe og føle. Sammenheng på fyring, måter å røre på og metoder å handtere og røre i melka slik at resultatet blir det mest perfekte og optimale i kvalitet av konsistens, smak og farge.

Lage tradisjonell mager, søtost og andre typer kvitoster. Med håndbåren kunnskap og nyere kunnskap.

Lage rømme og kinne smør med håndbåren kunnskap.

Lage rømmegrøt fra egen rømme ut fra håndbåren kunnskap.

Litt om salting, modning og lagring. (kvitoster)

Hygiene og trivsel.

Melka som råvare. Produkta i ny og historisk tid. Økonomi.

Turisme

Kunnskaper om historisk husdyrhold og samarbeidet med dyra i det daglige.

Henting av dyr med påfølgende mjølkning.



Dyrebehandling, etikk og moral.

Dyrehelse og velferd. Trivsel.

Reinhold/ hygiene.

Beitevaner/rutiner. Biologisk mangfold.

Høsting fra naturen til dyrefor, eks, mose og lauving.

Ansvar og plikter som dyreholder. Hyttena-boer, trafikk, turister ol.

Håndtverksmessig foredling med separering av mjølka

Oppkoking og bearbeiding av vann og vasking og stell av utstyr til mjølkning og separering.

Riktig reinhold, rutiner og hygieneutfordringer. Bakteriologi.

Sette i stand til å lage Brunost. Utvikling og tilrettelegging av foredlingsprosessen.

Foredlingsprosessen til de mange forskjellige produktene, ulikheter og samsvar.

Konservering i gammel og nyere tid.

Salting, modning og lagring. Embalasje.

Formidle kunnskap om seterkost til frokost, middag, kvelds.

Dette sammen med høsting av naturens ressurser rundt setra, til sin tid. Som sopp, bær, urter ol.

Seterkulturformidling

Formidling av seterhistorie med deltakelse i praktiske oppgaver omkring historisk seterdrift med foredling fortsetter fra tidlig morgen til sen kveld.

Setring i nyere tid, verdiskaping og magfold for folk og dyr.

Evaluerings, der alle forteller om hvordan de har opplevd læringsuka, hva de synes de har lært og hva de mener de bør lære mer om- og hvordan.

Studieforbundet Solidaritet – SO

SO skal arbeide for et likeverdig, solidarisk og antirasistisk samfunn gjennom å utvikle, organisere og gjennomføre studie-, opplysnings- og kulturtiltak som kan:

■ Uttrykke menneskeverdet og menneskets rettigheter og plikter i et sosialt og likeverdig fellesskap

■ Øke enkeltindividets muligheter til å ta del av og kritisk sette seg inn i samfunnspolitiske spørsmål og derigjennom øke sine muligheter til samfunns-politisk engasjement og økt selvfølelse

■ Skape forståelse for, kunnskap om og innsikt i den egne og andre kulturers egenart, nasjonal og internasjonal solidaritet, og i forholdet mellom den fattige og den rike delen av verden

■ Øke kunnskapen om regionale og globale miljøproblemer og forståelsen for nødvendigheten av bærekraftige alternativer til dagens økonomiske vekstpolitikk

■ Motvirke rasisme, fremmedhat og andre uttrykk for undertrykkelse.

Oppgaver og metode

■ Ta initiativet til studie-, opplysnings- og kulturvirksomhet for å virkeliggjøre ovenstående intensjoner, herunder produksjon av studiemateriell ut fra økonomiske og andre ressursmessige muligheter

■ Arbeide for at alle ledd i tilskuttede organisasjoner driver systematisk studie-, opplysnings- og kulturarbeid i samsvar med sine programmer

Seterkurs – læring i lag i natur og kultur

Vi har sammen med budeier og ystere, utviklet flere aktuelle studieplaner for kortere og lengre kurs som kan sendes dere. Læringa skjer på garden eller setra, i skogen, inne eller ute.

Verdsetting av erfaringsbasert og handlingsbåren kunnskap.

Vi erfarer at behovsbaserte studieplaner formidler den handlingsbårene kunnskap på en kulturhis-

torisk viktig måte og med tia får vi samla mange forskjellige planer som kan inspirere flere til å lage studieplan med oss.

Ta kontakt hvis du planlegger seterkurs til sommeren eller vil vite mer.

Landbruksøkonom Marianne Westby
tel 99 70 73 01, mariannewestbyso@gmail.com

Post og besøksadresse:

Motzfeldtsg. 1, 0187 Oslo,
www.studieforbundetso.no
Epost: solokalt@gmail.com

Dekningsområde: Hele landet

Antall medlemmer: 32 medlemsorganisasjoner, hvorav Norsk Seterkultur, Gardsopplevelser, Norsk Gardsost og Oikos med ca 25.000 enkelt-medlemmer

Seterdrift og brunost ut i verda



”Hairy Bikers”, Simon King og Dave Myers mjølka geit og koka brunost saman med Åshild Dale.

Tidleg i mai dundra dei to engelske motorsyklistane Simon King og Dave Myers, betre kjent frå TV som ”The Hairy Bikers”, inn på tunet til Åshild Dale og Jostein Sande



Tim Moore og Justin Foulkes presenterer seterkulturen i Lonely Planet Magazine til hausten.

i Dalsbygda i Norddal på Sunnmøre. Regisøren for denne programserien i BBC hadde vore der før, så mykje var godt planlagt – med både mjølking av geit og koking av brunost. Det skulle eigenteg også handle om seterdrift og seterkultur, men sjølvsaft (!) var dei så reint for tidleg ute! – Resultatet var i allefall at BBC-teamet på i alt ni personar ”inntok” garden i nærare fem timar, og da dei avslutta uttrykte både hovudpersonane og regisøren at dei var svært godt nøgde med besøket og opptaka dei hadde gjort. The Hairy Bikers har gjort stor lukke i Storbritannia med programma som også vert vist i fleire andre land. Det handlar om reise og mat i desse TV- programma, karane køyrer frå matoppleving til matoppleving og deltek i tillaginga av mat undervegs. Dessutan skriv Si og Dave kokebøker, bl.a. med oppskrifter som vert samla på desse motorsykkelturane – som går til stadig nye land. Norges-turen starta med blant anna klippfisk i Kristiansund. Derifrå bar det altså til Norddal og vidare om Geiranger til Ottadalen der dei skulle besøke Morten Schakenda i bakeriet i Lom og Arne Brimi. – Si og Dave visste om brunosten som ein unik norsk spesialitet, men ville gjerne grave litt djupare i dette

”mysteriet”, som dei uttrykte det. Men før dei kom til ostegryta måtte dei sjølvsaft i fjøset, der mjølkinga gjekk med liv og lyst! Røringa og bankinga av geitosten hadde dei også godt lag med, og sjølvsaft fekk dei med seg ein stor brunost på ferda vidare. Den skulle brukast under ein rast langs vegen dagen etter, med tillaging av mat i det fri. Programmet frå turen i Norge vert vist neste vår. – To veker seinare var det klart for journalist og fotograf frå The Lonely Planet Magazine, Tim Moore og Justin Foulkes – bae kjende namn innafor sine fag. Nok eit besøk med fokus på seterdrift og seterkultur, men altså noko for tidleg ute i høve til setersesongen. Det er nok ikkje så greitt for ”utabygdarar” å forstå seg på årstidene våre! – Men denne dagen var det farande til seters, og Åshild og Jostein fekk fortalt og vidareformidla mykje informasjon om seterdrifta rundt om i landet – i tillegg til at dei fekk smaka m.a. brunosten som landsmennene Si og Dave hadde ’vore med og laga’! Denne reportasjen kjem i det kjende magasinet i oktober, og kort ”deadline” var nok grunnen til at dei dukka opp litt rikeleg i forkant av setertida.

Dra til seters i sommar!

Det skjer mykje på setrene rundt om i landet denne sommaren også.

Stadig flere setre opnar dørene for gjestar, det blir arrangert seterkurs og setrene byr på ei rekkje fine kulturarrangement.

Vi tek med litt av det vi har fått melding om her, og oppmodar om å informere om setertilbod og arrangement på www.seterkultur.no



Seterkonsert i Skjåk

Laurdag 16. juli kl. 19.30. Gammaldans, visesong, country og dikt på Grimstadøygardsetra på Åsen. Avkøyring ved

Billingen seter. Arrangørar: Åsenbudeiene og Torø Ellen Marstein.



Grøset Seter

Grøset Seter ligger i Sigdal Kommune ved inngangen til Trillemarka.

Åpningstider: kl. 12- 18 hver dag.

Det blir mange både store og små dyr på Grøset i år.

Rømmegrøt med saft , og kaffe, te, saft og sveler. Produksjon av seterprodukter.

Grupper etter avtale.

Kulturdager: Det blir diverse kulturaktiviteter fra 3. – 17 juli.

3. juli kommer Tommas Karlsen kjøkkensjef på Mills. Han kommer til å lage en del spesielle retter til å smake/ spise.

8. juli blir det seterfest med danseband. Fri-luftsgudstjeneste.

Det blir friluftsgudstjeneste den 14. august.

Det arrangeres i samarbeid med menighetsrådet.



Seterkurs

Det blir seterkurs i veke 28 (10. – 16. juli).

Fleire opplysninger er å finne på nettsida til setra www.gammelsetra.no. Deltakaravgift: kr. 3.800,- (studentar 2.800,-) alt inkludert. Overnatting på KNT-hytta ved setra.

Nedre aldersgrense: 14 år (reglar for voksenopplæring), det er ingen krav om kvalifikasjoner utover å kunne ta seg inn til setra. Info om kurs og påmelding: Ylva Svisdal Bjørndalsæter tlf.: 990 23 928 e-post: ylvasvbj@hotmail.com eller Jørgen Svisdal, tlf.: 992 51 626, e-post: j.p-swiss@hotmail.com

Drivarar: Jørgen Svisdal, Ylva Svisdal Bjørndalsæter, Nils Kristian Høien Nielsen, Elin Dahle, Eli Bæverfjord Rye, Anna Jørgensdotter Svisdal, Oda Svisdal, Mari Søbstad Amundsen, Hanne Bråten, Aisha Marie Heim, Myra Melkild og Kenneth André Hersel Rathe.



Prestlia Besøksseter

er åpen for gjester 27.6. til 27.7.

Servering, utstilling, mangfoldig dyreliv – og mulighet for å være med på fjøsstellet. Av arrangement nemnes at søndag 17. juli spiller bandet "Hånstauran" og Arne Falkfjell, tidligere

meieribestyrer i Verdal, forteller historier. Flere opplysninger finnes på www.leksvika.no/prestlia.html

Grøvuhelg 23. - 24. juli

Det er bestemt at Grøvuhelga blir helga 23.- 24. juli. Det blir årsmøte i Grøvudalslaget og i Stiftelsen Gammelsetra den 23. juli. Guida tur inn til setra. Start kl. 11.00 fra Hallen. Natursti – gratis å delta.

Det vil bli orientert om seterdrifta og underhaldning før det blir seterkost på setra. Etterpå bålbrekking og spel, dans og leik. Velkommen!

For den som vil ha seteropplevingar i sommar, gå gjerne inn på

www.seterkultur.no
– der du finn "Til seters"

www.seterbygda.no

www.snasaseter.no

www.hallingkost.no
– der finn du Budeienettverket

www.seterlandet.com

www.seterlandet.no

www.stølsferie-nordfjord.no/

www.valdres.no

Framhald frå side 3

Styret må i større grad ta ansvar for at interessante artikler, både av faglig og mer skjønnlitterær karakter, kommer inn til redaktøren. Norsk Seterkultur skal gi ut fire nummer av Seterbrukaren i året.

Den videre arbeidsplanen er satt opp med utgangspunkt i to søknader vi har fått innvilget for året 2011-2012.

De to siste årene har Norsk Seterkultur fått tilsagn på grunnstøtte til frivillige organisasjoner fra LMD. For året 2010 fikk vi 232 000 kroner, og for året 2011 har vi fått tilsagn på 250 000 kroner. Midlene gjør at vi for første gang har en stabil økonomi

med mulighet til å kjøpe tjenester som for eksempel sekretariat. Dette vil gjøre organisasjonen mer stabil og det blir lettere å videreføre erfaringer og prosjekter fra ett styre til et annet. I 2011-2012 bør mulighetene for et sekretariat undersøkes, samtidig som de nødvendige kostnader utover dagens økonomi legges inn i en søknad på grunnstøtteordning fra LMD. LMD har søknadsfrist 1.juni.

Vi har også fått tilsagn på sentrale BU-midler fra innovasjon Norge i 2010 og 2011. Januar 2011 søkte vi midler til å arrangere en stølskonferanse. Tema skal være seterdrift som en del av landbrukets utmarkspolitikk, og vi ønsker å invitere representanter for

både forvaltning, interesseorganisasjoner og andre med interesse og betydning for den norske seterkulturen i fremtiden.

Forprosjektet "Seterbrukets biologiske kulturarv som ressurs for en bærekraftig framtid" fortsetter i 2011. Bioforsk Midt-Norge er ansvarlig søker til en Interreg-søknad, noe som gjenspeiles i at prosjektet har et biologisk fokus. Norsk Seterkulturs oppgave er å sikre at prosjektet blir verdifullt også for dagens og framtidens seterbrukere. Samtlige prosjektdeltakere har et formål om å skape sysselsetting og langsiktig bærekraftig tilvekst basert på utmarksressurser, og i den sammenheng er kunnskapen om og verdiene knyttet til biologisk kulturarv viktig.



Stølskonferanse i Valdres

30. september til 1. oktober

Fredag 30. september – FMLA- Oppland hovedansvarleg

- | | |
|---------------|---|
| 11.00 – 12.00 | Frammøte og registrering |
| 12.00 – 13.00 | Lunsj |
| 13.00 – 13.15 | Opning med kulturinnslag |
| 13.15 – 14.1 | LMD Ny landbruks- og matmelding |
| | Kva betyr meldinga for stølsbrukarane? |
| | Rundebordsdiskusjon m/bordvert som oppsummerer i plenum |
| 14.15 – 14.45 | Stølsprosjektet i Oppland. Røynsler |
| 14.45 – 15.00 | Kaffi og beinstrekk |
| 15.00 – 15.30 | Mjølkekvalitet v/Hanne Sickel |
| 15.30 – 16.15 | Bygningar. Fjøsloysingar på stølen. Halde på tradisjonell bygningsfasade, tilpasse til moderne drift. |
| | Diskusjon rundt borda |
| 16.15 – 16.45 | Kaffi m/kake og mingling |
| 16.45 – 17.15 | Strandmo stølsysteri |
| 17.15 – 17.45 | Leog Identity (inspiratorar) |
| 17.45 – 18.00 | Avslutning |
| 19.00 | Middag |

Laurdag 1. oktober - Norsk seterkultur hovedansvarleg

- Norsk seterkultur inn i framtida.
- Diskusjon: Kva vil vi med seterarbeidet?
- Foredrag og lysbilde frå stølsdrift i Frankrike og Italia
- Støl og ungdom:
- Praktikantar på støl v/Mari Søbstad.
- 4H: Ungdom inn i stølsdrifta v/Ingrid Bardal mfl.

Påmeldingsfrist: 9. september.

Programmet er ikkje endeleg utforma, så detaljert program, prisar og opplegg elles blir gjort kjent på www.seterkultur.no



Seterveilederen

Fylkesmennene i Hedmark, Oppland, Møre og Romsdal, Sør- og Nord-Trøndelag har gått sammen med Norsk Seterkultur og Oppdal kommune og laget en veileder/håndbok for seterbrukere og forvaltningsapparatet. Et møte mellom de ansvarlige nylig konkluderte med at det skal arbeides videre med utviklingen av denne nettbaserte veilederen, som består av tekst, bilder og "filmsnutter" fra et utvalg setre.

Du finn Seterveilederen på heimesidene til Oppdal kommune.



Jerngryter etter gamal modell

Nokre budeier i Telemark skal få laga nye jerngryter etter ein gamal modell. Denne er ganske flat i botnen, er 48 cm djup og øvre diameter er 95 cm. Ho rommar 250-300 l. Om ein får lagt inn bestilling på fleire samtidig, kan ein få ned prisen ganske mykje. Ta kontakt med Ingebjørg Håvardrud 95059725 om du er interessert i å vera med på dette.

*Bli medlem
i Norsk seterkultur*

Medlemskontingent 2011

Aktiv seterbrukar	kr. 400,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 300,-
Organisasjon/institusjon	kr. 600,-

Ja, eg vil bli medlem

Aktiv seterbrukar

Organisasjon/institusjon

Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL Tlf: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
Bankgiro: 2367 20 51 169

Norsk Seterkultur



Mange av våre produkter
har rot i stølskulturen
og vi støttar Norsk Seterkultur
i arbeidet for denne driftsforma



Holdbare kyr med

Pluss Multitilskudd storfe og geit

Pellets eller pulver

Høg produksjon, god fruktbarhet og god helse sikres ved bruk av Pluss Multitilskudd. Gi alltid multitilskudd når dyra får mindre enn 3 kilo kraftfôr eller ved bruk av alternative fôrmidler.



Pluss